

Studiestyresak: **19/4**

Saksnr.: 2019/3961

Møte: 3. april 2019

DRØFTINGSSAK - MAL FOR SENSORRETTEIING

BAKGRUNN:

Universitetet i Bergen har bestemt at fakulteta skal ha ordningar for sensorretteiing ved alle eksamenar ([Jf.§7.3.1 \(5\) i grads- og studieforskrifta](#)). Utdanningsutvalet ved UiB vedtok «[Alminnelege retningslinjer for sensorretteiing ved Universitetet i Bergen](#)» den 13.11.2015.

Formålet med sensorretteiing er blant anna til å bidra til harmonisering av karakterfastsetjing og upartisk og fagleg trygg prøving. Den skal være ei retteiing til sensor og ikkje være ein fasit eller pedagogisk verkty for studentar. Ei utforming av sensorretteiing, kan også gi emneansvarleg ei forsikring på at eksamensoppgåver er forankra i emnet sitt læringsutbytte. Fakultetet erfarer at fagmiljø i ulik grad har utarbeida sensorretteiing for emne. Vidare er det også ytra trong for mal til sensorretteiing.

Til drøfting

Fakultetet ser utfordringar med å lage standardmal som vil tene alle fagmiljø. Fakultetet ber difor studiestyret om å drøfte om vedlagt mal for sensorretteiing kan tene som ein standardmal, og at fagmiljøa gjer lokale tilpassingar der det er føremålstenleg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Studiestyret vedtar mal for sensorretteiing med dei endringane som framkom i møtet. Malen for sensorretteiing vert tatt opp på nytt for eventuell revidering våren 2020.

Bergen 25. mars
MN/STB

Vedlegg: Mal - Sensorretteiing for Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet